

## Leserbrev av Bernt Bøe

### Gammelskulen i Todalen

Ein hører at framtida for gamle Todalen skule er uviss. Dersom kommunen vil kvitte seg med denne kulturbygninga for 200.000 kroner, etter det ein forstår, må det kallast historielauast.

I mitt arbeid med «Skulehistorie for Surnadal» fekk eg innsyn i og stor respekt for skulebygga sin plass i folks menneskelege og kulturelle vekst og oppleving av tilhørighet og sosial miljøskaping. Om kvardagen i skulestua kunne arte seg meir eller mindre vellykka i høve til faglege og pedagogiske utfordringar, stod skulen høgt for dei fleste. Og innsatsen blant bygdefolket for å byggje og bevare skulen har vore stor heilt til våre dagars strukturdebatt.

For bygda Todalen er den 150 år gamle bygninga på ein særleg måte «folkets hus» og representerer umistelege kulturverdiar. Forfattaren Leif Halse vaks opp her og skapte ein litteratur som neppe ville ha eksistert med eit anna utgangspunkt. Slik har den fantastiske Halse-samlinga hatt sitt naturlege tilhald her dei siste åra.

Når Todalen med rette kan kallast kulturygda på indre Nordmøre, har Gammelskulen mykje av æra for det – der også mange andre enn Halse har gjort byggjande innsats. Mykje av bygda og folket sin identitet sit i veggene i dette huset!

Kva framtida ønskjer ein for bygninga? Same spørsmålet vart stilt i Bøfjorden da nytt grendahus stod ferdig for 15 år sidan og ungdomshuset «Bygdevangen» vart til overs. Sjøl om dette huset var berre 60 år gammalt, var affeksjonsverdien stor og viljen var sterkt til å bevare det som eit hus for folket også i framtida.

Bøfjorden Historielag vart stifta og fekk overta huset for å gjera det til museum. Folk slutta manjamnt opp om ideen og fylte raskt Bygdevangen med utstyr og kulturminne frå fjern og nært fortid. Under namnet Bøfjorden Sjøbruksmuseum er huset meir brukta og besøkt enn nokon gong – m.a. med program, kaffe og sosialt samver kvar sommarsøndag.

Det er grunn til å tru at eit liknande potensiale ligg føre i Todalen. Bygda har mange lag som kan fylle Gammelskulen med liv og trivsel. Ved å ta vare på den som folket sitt hus vil den kunne vera ein samlingsstad der alle kjenner seg som inkluderte eigalar.

Det bør Surnadal kommune gjera sitt til.

Bernt Bøe